

Boblar av talent

Bokmelding

Rønnaug Kleiva:

Balansepunkt.

Lyriske tekstar. 72 s.

Samlaget

Rønnaug Kleiva som debuterte med ei diktsamling for fem år sidan, har sidan markert seg sterkast som barnebokforfattar. Men at ho ikkje har sagt sitt siste ord i poesien, ber hennar samling med lyriske tekstar frå i år tydeleg bod om. På sitt beste syner ho ein forfattar som ikkje ryggar tilbake for dei største perspektiv.

Ho byrjar så det susar med ein tekst som vel må vera inspirert av den moderne kvantefysikken:

«Dette som er alt, at ingen ting kan skiljast frå kvar-/ andre, at ingen ting kan setjast i samanheng, at/ punkta er det einaste, punkt som aldri er nær kvar-/ andre, som bevegar seg rundt utan

berøring».

Dette er det evige, det kosmiske perspektivet, det som enten er for stort (universet) eller for smått (elektronar, kvarkar) til heilt ut å fattast av oss menneske. Vi fattar berre det som er oss nærast, og ikkje det ein gong. Dette utforskar forfattaren i den bolken ho harkalla «Gesimsane», eigentleg er det ein diktsyklus. Det er ein makelaus tekst med ei uro, ja ein nesten vulkansk energi i seg.

Kva skal eg seia at han handlar om? - Menneskets kaotiske kår, kanskje, den store forferdelege rørsla som går gjennom verda og ikkje vil ta slutt. Her er «Grøne planter, vindua fulle», sett effektivt opp mot «Barn i brennande flykroppar». Her er «skyer i sakte bevegelse» og «tyngda av alt som ikkje kan seiast».

Under og gjennom det heile kling den ironiske forfattarrøysta som eit omkvede frå folkevisa

(eller Guds eiga røyst): «der finst ingen katastrofe». Det er talentfullt, det er originalt. Kan dette høge spennet haldast?

Ikkje heilt. Alt i den neste bolken «Kvalmen ved årstidende» sig boka eit par hakk. Dette er ein bolk som minner sterkt om debut-samlinga «Animasjon» der eg fann lite anna enn bleike ekko av Eldrid Lunden. No skriv Kleiva mykje betre i dag enn ho gjorde då. Hadde ho ikkje sjølv stilt tonen så høgt i innleiinga, hadde eg kanskje tykt at tekstane var bra. No vert inntrykket bleikt.

I bolken «Forteljing» kan ein finna små perler som dette:

«Underlaget bevegar seg/ Må legge meg på magen for å/ halde fast ved jorda».

Det som dominerer er likevel dei lengre, prosaliknande tekstane om kyr, bringebærplukking, vedsaging og anna daglegliv på garden. Berre ein hende gong får

forfattaren tekstane til å letta frå underlaget, t.d. med eit perspektivskifte som dette: «Lenger ute er havet».

Då har eg fleire kryss i margen for dei tekstane forfattaren har samla under paraplyen «Å lage seg vindu». Her skimtar eg og skuggen av Eldrid Lunden, men kva gjer det, så lenge tekstane er gode:

«Ikkje ny innsikt å vinne./ berre ei stadfesting av fortvilelsen// og likevel// gli i vatnet på ein flåte./ fiska i vatnet, dei leikar seg./ fuglane glir i vinden./ vinden blæs håret vekk frå andletet».

Rønnaug Kleiva har denne fruktbare uroa kopla med ein nesten desperat vilje til form, det er slikt det vert store diktarar av. Sjølv om ho enno famlar etter ei røyst som er hennar eiga, er «Balansepunkt» ei bok som boblar av talent.

Herman Starheimsæter